


Legg saman til 200

Vel fire siffer mellom 0 og 9, og plasser dei i kvar si rute i figuren nedanfor (du kan bruke same siffer fleire gonger):



- Les dei to tosifra tala du får vassrett, og legg dei saman.
- Les dei to tosifra tala du får loddrett, og legg dei saman.
- Legg til slutt saman dei to summane du har fått.

Døme:

$$\begin{array}{|c|c|} \hline 4 & 1 \\ \hline 2 & 6 \\ \hline \end{array}
 \begin{array}{l} \longrightarrow 41 \\ \longrightarrow + 26 \\ \hline = 67 \end{array}$$

↓ ↓
 42 + 16 = 58

$58 + 67 = 125$

Lag nokre fleire døme sjølv.

1. Finnes det nokon enkel måte for å avgjere om summen blir eit partal eller eit oddetal?

2. Kan du velje siffera slik at summen av dei fire tosifra tala blir 200?

Kor mange måtar kan du gjere det på?

3. Viss vi bruker fire null, blir summen 0.

Viss vi bruker fire niarar, blir summen 396.

Kva tal mellom 0 og 396 er det mogleg å lage?

